



Helse- og omsorgsdepartementet

postmottak@hod.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.

Saksh. – tlf.

Dato

2012/118 - 6431/2012

Sølvi Fotland Spilde - 55097059

23.03.2012

### Høyringsuttale - Endringar i tobakkskadelova

Fjell kommune vedtok i møte i komite for finans og forvaltning 13.03.12 å gje følgjande uttale til forslaget om endringar i tobakkskadelova:

Fjell kommune er positiv til innføring av tiltak for reduksjon av tilgang på tobakksvarer for mindreårige, men er usikker på om ein bevillingsordning av det føreslegne omfanget er den rette løysinga. Fjell kommune ber om at forslaget om innføring av ei bevillingsordning vert vurdert på nytt og at det vert lagt vekt på at det allereie er reduksjon i talet på røykarar utan ei slik bevillingsordning, jfr årlege undersøkingar frå SSB. Dersom det likevel vert vedteke å innføre eit bevillingssystem for sal av tobakksvarer har Fjell kommune følgjande kommentarar:

#### ***Kommunal bevillingsordning for å styrke tilsynet med aldersgrense på 18 år for kjøp av tobakksvarer***

- Registreringsplikt inkl. kontrollordning i staden for ei omfattande bevillingsordning. Seljarar av tobakksvarar må sjølve stå for registreringa, som til dømes varsling om ny næringsmiddelverksemd til Mattilsynet. Det må ikkje vere lov å selje tobakksvarer utan å vere registrert i gjeldande kommune. Alle registrerte utsalsstader for tobakksvarar bør bli kontrollerte etter eit nasjonalt regelverk.
- Departementet må halde på forslaget om at det ikkje må avgrensast kva type verksemdar som kan selje tobakk.
- Ei eventuell bevillingsordning må vere enkel å administrere både for kommunen og bevillingshavarane. Bevillingsperioden bør difor ikkje vere tidsavgrensa, men organisert meir lik ordninga for serveringsbevillingar kor bevillinga gjeld til serveringsstaden vert


lagt ned eller vert vesentleg endra.

- Fjell kommune ønskjer at verksemdar som allereie sel tobakk ved innføringstidspunktet automatisk får bevilling for sal av tobakksvarer.
- Fjell kommune er samd med departementet i synet på at kommunane ikkje skal stå fritt til å skjønnsmessig avgjere om ein bevillingssøkar eller bevillingshavar som oppfyller krava på tobakksbevilling, skal få bevilling.
- Fjell kommune meiner at det ikkje er behov for vandelskrav for løyvehavarar for sal av tobakksvarer. Å ikkje krevje vandelsvurdering vil gjere ordninga enklare og raskare å handtere utan å hindre målet for ordninga med kontroll av aldersgrensa. Dei lokale politidistrikta bør ikkje belastast med vurdering av vandel i denne samanhengen.
- Med Fjell kommune sitt syn på ei forenkla registrerings- eller bevillingsordning vil det ikkje vere nødvendig at andre instansar gir uttale i samband med søknadsbehandling og vandelsvurdering knytt til tobakksbevillingar.
- Fjell kommune meiner det ikkje er nødvendig med både styrar og avløyssar for ein eventuell bevillingsordning for sal av tobakksvarer. Då bevillingsordninga ikkje skal vere så omfattande som for sal av alkohol bør ordninga heller samanliknast med serveringsbevilling kor det berre er ein ansvarleg person ('dagleg leiar'). Det vil gjere ordninga enklare å administrere både for kommunane og utsalsstadene. I tillegg ser ikkje Fjell kommune behov for å ha vandelskrav for styrar av bevillinga, i samsvar med synet om vandelskrav for bevillingshavar.
- Etter Fjell kommune si meining bør eventuelle krav om internkontroll ikkje utløyse kontrolltiltak utover det som er nødvendig for å nå målsetjinga.
- Arbeidet med innføring og utføring av ein kunnskapsprøve vil etter Fjell kommune si meining ikkje stå i samsvar med målet for bevillingsordninga. Med ein forenkla bevillingsordning meiner Fjell kommune at det ikkje er behov for å innføre kunnskapsprøve i samband med bevilling for sal av tobakksvarer.
- Fjell kommune ønskjer ikkje tidsavgrensingar for sal av tobakksvarer.
- Fjell kommune føreslår at deler av gebyra som allereie er pålagt tobakksvarer frå statleg hald vert, ved auka rammeoverføringar til kommunane, nytta til å dekke kostnader til kontroll med utsalsstadene. Vert det likevel aktuelt med eit gebyr påkravd av kommunane er eit 'flatt' gebyr på mellom 4-5000,- pr år for mykje. For å samanlikne med gebyr for skjenking så har Fjell kommune fleire skjenkestader som ligg innanfor minimumsgebyret på kr 3.500. Dersom ordninga vert gjort så enkel som mogleg slik at saksbehandlingskostnadane vert små, meiner Fjell kommune at eit lågt 'flatt' gebyr vil vere ein fordel.
- For å få ei ordning som er enkel å handtere og minst mogleg kostnadskrevjande både for kommunane og utsalsstadene, er det viktig at det ikkje vert innført ei ordning som krev årleg rapportering i høve til omsetnad.
- Talet på eventuelle kontrollar bør samsvare med kontrollar for sals- og skjenkeløyve for lettare å kunne samkjøre desse.
- Dersom ei bevillingsordning med mål om å få bort sal av tobakksvarer til mindreårige, skal fungere, må kommunane ha anledning til å inndra bevillinga dersom det vert avdekka

brot på regelverket.

- Fjell kommune er samd i å innføre ein einsarta praksis over heile landet når det gjeld inndragingslengde. Også retningsliner i høve til kva som vert å rekne for alvorlege brot som vil føre til inndraging er ønskeleg.
- Fjell kommune er samd i forslag om å ha ei klageordning, men det bør vurderast større grad av kommunalt sjølvstyre kor kommunen sitt klageorgan vert nytta.
- Det bør vere 3 månaders saksbehandlingsfrist. Det må også gjerast nødvendig tiltak for å unngå automatisk innvilging av bevilling dersom saksbehandlingsfristen ikkje vert halden.
- Fjell kommune er samd i at det eksisterande bevillingsregisteret ikkje vert utvida til å omfatte tobakksbevillingar.
- Fjell kommune er samd i forslaget om ein overgangsperiode på 18 månader frå eventuelle lovendingar er vedtekne.
- Ordninga må ikkje føre til auka kostnader for kommunane utan at det vert kompensert gjennom auka rammetilskot eller høve til gebyrinntekter tilsvarande alle kostnader kommunane får med ordninga.

Med helsing



Sølvi Fotland Spilde  
saksbehandlar